
32. Helge André Njåstad (Replik)

Vi har snakka mykje om nordisk samarbeid på ulike plan, spesielt forsvarssamarbeid, men eg skal også spørja om eit anna område, nemleg sikkerheitspolitisk samarbeid internt i landa. Vi ser mye til vårt naboland, vårt felles naboland, Sverige, med store utfordringar med gjengkriminalitet, som skuldast innvandringspolitikk og manglande integrering. Så eg lurar på om statsministeren kan seia noko om kva potensial ho ser for samarbeid i forhold til felles nordisk innvandrings- og integreringspolitikk i framtida.

Informasjon

Tale nummer

32

Type

Replik

Person

[Helge André Njåstad](#)

Status

Waiting for transcription

Dato

31.10.23 15:30